

Frå: Audun Hestetun[audun@hestetun.net]
Sendt: 19.01.2023 14:26:26
Til: Røssum, Halvor[haros@statsforvalteren.no]
Tittel: Tilbakemelding etter folkemøtet i Årdal

Hei

For å skilje rollene mine sender eg denne tilbakemeldinga frå min private e-post då dette er mine egne synspunkt.

Personleg ser eg fleire ulemper enn føremonner med at Nasjonalparken vert utvida. Sjølv om du i går sa me kan bruke området til jakt og friluftsliv som før, blir det jo lagt ein del føringar for bruken. Eg har ikkje sett meg veldig godt inn i forskrifta om Jotunheimen nasjonalpark, men eg har no lese gjennom den og det blir lagt ein del avgrensingar, slik eg ser det. For å setje det litt på spissen so må ein nesten ha løyve til å flytte ein stein eller kappe ei grein. I dag snakkar me med grunneigarane t.d. skal me rydde litt på ein sti eller me set opp ein varde i eit område utan sti.

Elles har eg ofte med meg drona mi på tur. Denne kan då likegodt leggje att heime. Eg fekk med meg det Eline sa i går om at desse reglane er under endring, men når dette skjer og korleis endringa blir veit me jo ikkje enno.

Eg registrerer rundtom at villreinen får mykje fokus og at enkelte nærast trur verneområdet blir utvida for å verne reinen eine og åleine. Det kom jo fram på møtet i går at reinen berre er ein del, ein viktig del som raudelista, men likevel berre ein del. Eg har observert ein del rein i Fardalen siste åra, men mi erfaring er no at den bryr seg fint lite om meg. Sjølv om eg har med meg hunden viser reinen liten interesse for oss. Dei registrerer me er der. Ein kjem langt med sunn fornuft, meiner eg. Det er ikkje naudsynt å gå heilt innpå flokken t.d.

Eg ser nok kanskje randonè-folket som største trusselen for reinen. Eg har sett bilete og videoar publisert i sosiale medium korleis ein ikkje bør oppføre seg. Då er me tilbake til sunn fornuft att og det betyr vel lite om området har status som nasjonalpark.

Det er sjølv sagt viktig å forvalte ressursane våre på ein berekraftig måte, men eg klarer ikkje heilt å sjå korleis dette skal fungere betre som nasjonalpark. Dette er noko eg sakna informasjon om på møtet i går.

Ein ser t.d. at tregrensa kryp høgare og høgare til fjells. Dette er etter mitt syn ikkje ei positiv endring og då hjelper det ikkje å verne. Det er sjølv sagt mogeleg å få dispensasjonar og løyve, men alt blir so mykje meir vanskeleg når det må innom ulike instansar, ein kan ikkje berre gjere ein avtale munnleg.

Mvh
Audun Hestetun

Frå: Leiar Ski IL Jotun[leiar.ski@iljotun.no]
Sendt: 19.01.2023 14:25:08
Til: Røssum, Halvor[haros@statsforvalteren.no]
Tittel: Tilbakemelding etter folkemøte i Årdal

Hei

Fyrst og fremst må eg få takke for eit godt møte i går. Sjølv om me kunne ha tenkt oss at de hadde teikna inn ei mogeleg grense i kartet for enklare å kunne sjå/vurdere om dette får konsekvensar for dei ulike brukarane forstår eg at de meiner me skal ta del i denne prosessen.

Det var vel noko av det beste med møtet, det var tydeleg at de var der for å lytte til oss, ikkje fortelje oss korleis det blir.

Vedlagt ligg eit utsnitt av GPS-spor for turløypa som kan kome i det aktuelle området. Me køyrer to turløyper frå rundt vinterferien tom påsken. Felles for begge løypene er at me følgjer Tindevegen frå Skihytta til Murane (gamalt stølsområde). Der deler løypa seg i to; eine mot Varden i Langedalen (Årdals-Langedalen) og den andre inn Austabotn til Åsete (gamalt stølsområde). Det er slik eg forstår det sistnemnte løype som vil kunne kome i det aktuelle verneområdet. Løypa vert merka med oransje plastikkstikk. Når me set opp og tek innatt stikka brukar me som regel to skutrar, elles brukar me berre ein til løypekøyning. Det er veldig væravhengig kor mange gonger for sesongen me køyrer løyper, men me erfarer vel at dei oransje stikka kanskje er vel so viktige som sjølve skisporet. No når fleire og fleire får ski som ikkje passar i skisporet og so blir det ofte til at me tek ein tur berre med skuteren eventuelt glattebrettet bak for å køyre ned snøen. Dette reduserer og antal turar me treng køyre.

Skigruppa har i tillegg nyleg fått fornya løyve til ervervsmessig transport gjeldande frå 2023-2025. Dette er eit løyve me har hatt i mange år. Det blir ikkje mykje brukt, men me har nokre oppdrag i sesongen for hyttefolket og grunneigarane i området. Dei fleste oppdraga går til Åresete, stølsgrenda nærast Skihytta, men det hender me har oppdrag både til Murane, Åsete og ein sjeldan gong til Botn. Me har kanskje 2-3 oppdrag i sesongen innanfor det som kan bli verneområde. Som regel prøver me å ta desse oppdraga i kombinasjon med løypekøyning.

Mvh
Audun Hestetun
Leiar IL Jotun SKI

